

ONSDAG

2. mai 2012, nr. 34
Laussal: kr. 20
40. årgang

*Lokalavisa for
Haram og Sandøy*

Haramsnytt

NYHENDE



Ofrar strandsona

Haram opnar opp for bygging innafor 100-metersbeltet. Men fritt fram skal det ikkje vere.

SIDE 2-3

UNG



Fersk førar

Det er ikkje spøk å køyre bil aleine. UNG-redaksjonen set fokus på trafikktryggleik.

SIDE 4-5

NÆRINGS LIV



Byggmeistrar

I serien om verksemdar i Haram og Sandøy har vi besøkt byggfirmaet Vikestrand & Søvik AS.

SIDE 10-11

FOKUS



Må tenkje nytt

«Det er ingen tvil hvor det skapes historie og hvor man kan utrette noe spesielt.»

SIDE 12

Energisk debut av UHØRT



Foto: Ole Reinlund

HEFTIG: Vokalgruppa UHØRT imponerte stort under debutkonserten i Ingebrigt Davik-huset laurdag. I eit inferno av kor og modige solistar, dans og kreativ koreografi, stod 15 ungdomar og gav alt for eit begeistra og stolt publikum.

SIDE 7

– Meir enn ein konsert

UHØRT sin debutkonsert i Ingebrigt Davik-huset laurdag blei eit energifylt fyrverkeri av ein konsert og ei vel-regissert førestelling.

– Dette er meir enn ein konsert, vi skal ha det gøy gjennom sang, dans og moro, sa koristen og konferansieren Naida Spago mellom eitt av sine utmerka mellomstikk. Ho er ei av 15 songarar i vokalgruppa UHØRT. For utan å syngje og danse, hadde ho jobben med å sy repertoaret saman. Dette løyste ho på fenomenalt vis. Frisk, sjølvssikker, frekk og humoristisk.

Mot og glede

Om lag 170 frammøtte fekk ein kraftig dose ungdommeleg mot og glede rett i fanget denne kvelden.

Konserten starta med ei einsleg oppvarmingsøkt i mørkret, før gjengen i UHØRT inn tok scena på ymse vis. Eit flott anslag, som gav bod om meir enn ein konsert. Her skulle det dansast, her kunne vi forvente koreografi, her skulle det bli trøkk og energi. Og det blei det.

Kreativ regi

Tre element løfta denne kvelden og konserten til eit nivå ut over det lokalt ordinære: Innsatsen og utstrålinga til kormedlemmene, koreografien og realiseringa av denne, samt eit trygt og godt band.

Ikkje minst var under teikna imponert over den gjennomførte, kreative og varierte koreografien. Frå nummer til nummer veksle dei 15 vokalistane posisjonar, oppstilling og dansetrinn mellom scenegulv og korplattformer. Likeeins hadde dei fleire klesskifte og hårfrysyrer undervegs, nøye tilpassa eit sjangervekslande repertoar. Ikkje minst veksle koristane stort på å stå og syngje i front. Til saman var alt dette med på å skape ei spennande førestelling der det aldri blei keisamt. Her var kort og godt ingen daudpunkt.

Sofie Skjelten og Ingrid Grytten Vegsund, begge to songarar i UHØRT, var ansvarleg for koreografien. Eit overordna ansvar for det heile har Turid Skjelten. Ho vil ikkje kalle seg dirigent, men motivator. Under førestellinga sat ho på første rad som sufflør. På tampen av konserten vanka det stor takk frå UHØRT til Skjelten for jobben ho gjer med dei 14 jentene og dei eine guten i vokalgruppa.

Repertoar som svinga

Dei ti låtane kom som vakkre perler på ei snor. Her var coverlåtar av Extreme, Queen, Bobby Darin, Jamie Cullum og



KOLLEKTIVT

Vokalgruppa UHØRT sin debutkonsert var ein kollektiv suksess for dei 15 ungdomane. Foto: Ole Reinlund

Michael Jackson med fleire. Vi blei tatt med inn i ulike sjangrar og tidsepokar, og lot oss forføre. Låtane hang fint saman, og det svinga alltid.

Å plukke ut nummer som særleg utmerka seg er vanskeleg, men opningsnummeret «Get the funk out» var eit tøft fyrverkeri. Jacksons «Man in the mirror» var noko heilt anna, vakkert og viktig for heilskapen i konserten.

Vokalt utviklingspotensial

UHØRT manglar gitar. Dyon Buitenkamp seier han vil halde fram sjølv om han er den einaste guten i UHØRT, men dei treng fleire for å løfte og balansere uttrykket. Når det er sagt gjer Dyon ein viktig jobb i vokalgruppa, både som korist og solist.

Det er vidare flott å oppleve at så mange av koristane trer fram og tar utfordringa som solistar. Her var så mykje mot, vilje og innleving at eg ikkje vil peike på nokon spesielt.

Som kor har UHØRT mykje å utvikle vidare, men som debut var dette samla sett ein veldig god start. Utviklingsområda vokalt handlar om klang, spenn, dynamikk, presisjon og diksjon, både som kor og solistisk. Her er meir å hente, og det blir spennande å sjå korleis UHØRT veks vidare vokalt.

Gjesteblåsarar

Dei eldste i Brattvåg skulekorps var gjestemusikar denne kvelden. I opningslåta «Get the Funk out» bidrog blåsarane



ETTERPÅ

Sofie Skjelten, Naida Spago og Ingrid Grytten Vegsund slitne og lukkelege etter konserten. Foto: Ole Reinlund

med ekstra trøkk, i god Nordre Sunnmøre-tradisjon. Det er mest blitt eit varemerke eller særpreg ved mykje av det ein opplever musikalsk her lokalt, blåserekkjer og korps.

Gjestane fekk sitt eige nummer med «These are the days», der Sara Kinden Solem levte eit av kveldens kanskje beste vokalbidrag. Til sist kom blåsarane inn igjen då første låt blei spelt ein gong til som ekstra-nummer.

Band og lyd

Bandet gjorde ein flott jobb. Dei møttest om morgonen klokka ni, og brukte dagen på

å lære seg stoffet. I dette tilfellet var desse timane akkurat nok. Bandet var trygt nok til å gjere kor og solistar trygge, samtidig som dei gjennom trøkk og musisering løfta det heile dei ekstra hakka. Og når det vokale ikkje alltid er 100 prosent på plass, er det ekstra viktig å kunne lene seg på eit stødig og rocka komp.

I bandet fann vi Henrik Vadset på tangentar, Kjetil Hjellev på bass, Ketil Strand på gitar og Bjørn Skjelten på trommer.

Sverre Walderhaug frå Lydkjelleren hadde ansvar for lyden. Det kan vere krevjande når 15 vokalistar er utstyrt med kvar sin mikrofon. Det skal

fungere både som homogent kor og som definerte solistar. Og det gjorde det. Det er likevel stor skilnad på lyden framme og lengre bak i denne salen. Dei som sit fremst hamnar under lydsøylene og mister det mest distinkte i lydbildet. Slik også denne kvelden.

Gjenhør

Oppsummert var dette ein strålende kveld, mest som ei feiring av ungdomen, musikken og sjølve livet. Vi ser fram til å høyre UHØRT igjen.

OLE REINLUND

ole.reinlund@haramsnytt.no